

August 2007



## **Evalueringssprogram 2007–2009**



**Norad**

Direktoratet for utviklingssamarbeid  
*Norwegian Agency for Development Cooperation*

Pb. 8034 Dep, 0030 OSLO  
Ruseløkkveien 26, Oslo, Norge  
Tlf.: 22 24 20 30 Fax: 22 24 20 31

Layout og trykk: Grefslie Trykkeri  
ISBN 978-82-7548-218-9

# Evalueringsprogram 2007–2009

## Strategiske føringer

I utveljinga av nye evalueringstiltak tar Evalueringsavdelinga utgangspunkt i pålegget i mandatet om å evaluere heile O3-området over tid og ta omsyn til nye samarbeidsformer. For å styrkje evaluering som grunnlag for politikktutvikling legg vi vekt på å evaluere innsats på sannsynlege framtidige satsingsområde. Vi vil også i dei ulike evalueringane leggje vekt på å få fram resultat av bistanden. Desse prioriteringane er slått fast i Evalueringsavdelingas ”Evalueringspolitikk fram til 2010”.

I høve til dei ulike delane av statsbudsjettet vil den bilaterale stat-til-statbistanden framleis ha ein sentral plass i evalueringsarbeidet. Evalueringa av bistanden gjennom det sivile samfunnet blir styrkja gjennom dette programmet. Medan vi i 2007 har lagt stor vekt på humanitær bistand vil evaluering av fredsrelatert innsats og overgangsstønning stå sentralt i 2008. Framleis er evaluering av den multilaterale bistanden ei utfordring, som berre i ein viss grad blir kompensert gjennom evalueringssamarbeid med Verdsbanken og UNDP og DAC-gjennomgang av FN-organisasjonars evalueringsfunksjonar.

Programmet er rullerande, og endringar kan gjerast. Gjennomføringa vil til eikvar tid avhengje av tilgjengelege ressursar. Månadleg oppdatering av planlagde og pågåande evalueringsprosjekt finn du på nettsida [www.norad.no/evaluering](http://www.norad.no/evaluering).

## Tiltak som er i gang i 2007

### *Norske evalueringsprosjekt*

- Norsk utviklingssamarbeid på **kraftsektoren** (utanom olje og gass). Blir utført av Scanteam. Rapport i september 2007.
- Statusrapport for norsk **bistand gjennom frivillige organisasjonar i Sør-Amerika**. Blir gjort av NIBR. Rapport i oktober 2007.
- Landevaluering av norsk **utviklingssamarbeid med Zambia**. Oxford Policy Management har kontrakten. Rapport i november 2007.
- Evaluering av **NOREPS**. Blir gjort av Nordic Consulting Group og Channel Research, Belgia. Rapporten vil liggje føre i november 2007.
- Evaluering av norsk bistand til kampen mot **hiv og aids i Etiopia, Malawi og Tanzania**. ITAD, Storbritannia, gjennomfører evalueringa, som vil bli gjort suksessivt med endeleg rapport i juni 2008.
- Studie av innovative og gode tilnærmingar til **kapasitetsbygging i afrikanske låginn-tektsland**. Blir utført av Scanteam. Rapport i november 2007.
- Norske **forskningsinstitusjonar (CMI, FAFO, NUPI og PRIO)** sine bidrag til **fredsbygging**. Lagt ut på anbud i juli 2007.
- Evaluering av bruk av **militære kjøretøy (M6)** i humanitært arbeid. Lagt ut på anbud i juli 2007.
- Evaluering av norske **frivillige organisasjonars arbeid i Guatemala**. Lagt ut på anbud i juli 2007.
- Baseline-studie av **norsk miljøinnsats**. Startar opp hausten 2007.

#### *Fellesevalueringar*

- Evaluering av **Verdsbankens fond for berekraftig utvikling** (TFESSD). Fellestiltak med Finland. COWI DK gjennomfører evalueringa. Rapport i november 2007.
- Evaluering av ”**Exit Management**”, dvs. korleis givarland trekkjer seg ut av eit samarbeidsland. Omfattar Eritrea, India, Sør-Afrika, Botswana og Malawi. Med Sverige (ansvarleg), Nederland og Danmark. ECORYS, Nederland og CMI gjennomfører evalueringa. Endeleg rapport i mars 2008.
- ”**Voice and Accountability**”. Bistand til folks høve til politisk påverknad og styresmaktens ansvar. Storbritannia er ansvarleg. Overseas Development Institute gjennomfører evalueringa. Rapport i mai 2008.
- Evaluering av **GAVI** (Global Alliance for Vaccine Initiative). Oppdrag frå GAVIs styre. Norge har delt formannskap i styringskomiteen. Rapport i juni 2008.

#### *Gjennom UNDP og Verdsbanken*

- UNDPs bistand på **energi- og miljøområda**
- FNs samla utviklingssamarbeid med **Sør-Afrika**
- Verdsbankens arbeid i **mellominntektsland**
- Verdsbankens støtte til **opplæring og kapasitetsbygging i samarbeidsland**
- Verdsbankens støtte til **Etiopia**
- Verdsbankens støtte til **desentralisering**
- Verdsbankens støtte til **reform av offentleg sektor**
- Verdsbankens støtte til **reform i rettsvesenet**
- Verdsbankens støtte til **elektrifisering på landsbygda**
- Verdsbankens **analytiske verksemd** (Economic and Sector Work)
- Verdsbankens støtte til **helse, befolkningsspørsmål og ernæring**

### **Oppstart i 2008**

#### *Landevaluering*

- **Vest-Balkan (tidlegare Jugoslavia)**. Landa i det tidlegare Jugoslavia har mottatt meir bistand enn hovudsamarbeidslanda dei siste åra. I 2007 er det sett av 600 mill. kroner til Vest-Balkan. Sidan landevalueringa i 2007 er av eit typisk samarbeidsland for langsiktig bistand (Zambia) har avdelinga valt ut eit område med ein annan type samarbeid. Evalueringa kan gi viktig kunnskap for seinare innsats for fredsbygging.

#### *Sektor- eller temaevaluering*

- **Norsk bistand til fiskerisektoren**. Fiskerisektoren har i meir enn 50 år vore ein sentral sektor i norsk bistand, sjølv om summane ikkje alltid har vore så store. Samarbeidet har i seinare år skjedd på ein annan måte enn tidlegare. Det vil ikkje vere uventa om bistandsinnsatsen på denne sektoren blir styrkja framover. Denne evalueringa vil ta for seg den norske støtta dei siste 15 – 20 åra, og kanskje inkludere verknadsevaluering av tidlegare tiltak. Det vil bli lagt vekt på resultat av innsatsen. Som eit eksperiment vil Evalueringsavdelinga overlate til anbudsgivarar å velje og utarbeide tilnærming og metode for evalueringa.
- **Norsk bistand til vern om kulturarven**. Norge har gitt bistand til vern om kulturarven i mange samarbeidsland, delvis i samarbeid med UNESCO. Riksantikvaren har vore sentral frå norsk side. Det har aldri vore gjort noko omfattande evaluering av denne innsatsen.

#### *Bistandsform/tilskottsordningar*

- **Støtte gjennom det sivile samfunn til Uganda**. Dette blir den andre evalueringa av støtten til eit land gjennom det sivile samfunn, ei oppfølging av Rattsø-utvalet. Som eit eksperiment vil vi prøve å inngå samarbeid med ugandiske styresmakter og bruke lokale ressursar i gjennomføringa. Det vil bli lagt vekt på resultat.
- **Forvaltning og resultat av den norske GAP-løyvinga**. Bistandsforvaltninga har sjølv gitt uttrykk for behovet for å evaluere erfaringane med den norske overgangsbistanden, ikkje minst korleis denne blir forvalta og korleis han verkar i høve til langsiktig samarbeid og

humanitær bistand. Evalueringa vil leggje vekt på korleis desse relativt store midlane er forvalta og tilhøvet til andre typar bistand.

- **Forskningsprogrammet ”Utviklingsveier i Sør”.** Programmet er eit av dei største innan forskingssamarbeidet, og skal avsluttast i 2008. Det er interessant å kunne vite meir om eit slikt stort forskningsprogram har fungert i tråd med mål og intensjonar, og kva resultat det har ført til.
- **Langsiktige verknader av tidlegare norsk programinnsats.** Det er vanskeleg å innfri forventningane om å få vite meir om resultatane av norsk bistand. Denne evalueringa vil ta for seg program eller område der Norge tidlegare var sterkt inni i eit land. Etter ein del førebuingsarbeid i 2007 vil Evalueringsavdelinga gjennomføre verknadsevalueringar (impact) for veg- og skogprogram.

#### *Organisasjonar/institusjonar*

- **Miljøinnsats gjennom frivillige organisasjonar.** Det skal satsast stort på miljøinnsatsar i åra framover, ikkje minst knytte til klimautfordringane. Dei frivillige organisasjonane vil bli tilført nye store midlar. Det vil vere viktig å gjennomføre ei evaluering raskt for å trekkje ut erfaringar som kan brukast i denne satsinga.
- **Norsk Folkehjelps mineryddingsprogram.** Folkehjelpe har gjennom mange år gjort ein omfattande innsats på dette området.

#### *Fellesevalueringar med andre givarar*

- **Internasjonal fredsinnsetts på Haiti.** Vi håpar å få med oss andre sentrale givarar på ei evaluering av fredstiltaka på Haiti. Dette vil også vere ei utprøving av utkastet til DAC-rettleiaren for evaluering av fredsbygging og konfliktförebygging, som Evalueringsavdelinga har hatt eit hovudansvar for i DACs evalueringsnettverk.
- **Peer Review av OIOS’ evalueringsarbeid.** Evalueringsnettverket i DAC ønskjer å føre vidare ”peer reviews” av FN-organ, og Office of Oversight Services (OIOS), som dekkjer FN-sekretariatets aktivitetar i felt og i hovudkontor, står for tur. Nederland samordnar dette arbeidet, og Norge har meldt seg på til å delta i denne gjennomgangen.
- **Strategiar og tilnærmingar i arbeid mot korrupsjon.** Dette er eit norsk initiativ som andre nordiske land og Asiabanken har sagt seg interesserte i å vere med på.
- **Evaluering av gjennomføring av JAS (Joint Assistance Strategy).** Evalueringsavdelinga har sagt seg villig til å vere med i eit nordisk initiativ til å evaluere den felles givarstrategien i eit afrikansk land der denne har verka ei stund.

#### *Bistand gjennom multilaterale organ*

- **Norsk bistand til FN’s arbeid innan styresett og demokrati.** Norge kanaliserer betydelege summar gjennom FN-systemet til å styrkje styresett og demokrati i utviklingsland. Omfang og metode for ei slik evaluering vil bli ei utfordring.
- Under samarbeidsavtalane med Verdsbanken og UNDP vil vi avtale nye evalueringar for oppstart i 2008.

#### **Område og innsatsar som vil bli vurderte for evaluering i 2009**

- Landevaluering (Sudan eller Afghanistan er aktuelle)
- Norsk næringslivsstøtte
- Norsk senter for demokratistøtte
- Norsk innsats for menneskerettane
- Norsk bistand til program for funksjonshemma
- Strategiske partnerskap på landnivå
- Bistand til utdanning gjennom multilaterale kanalar

### **Framtidige behov og idear**

Evalueringsavdelinga har også mottatt andre interessante, men utfordrandre tema for evaluering, som vi vil vurdere framover. Vi tar gjerne mot synspunkt på korleis slik evaluering kan gjerast.

- Bruk av ulike kanalar/budsjettpostar til same/liknande føremål eller tiltak
- Komparativ studie av bruk av ulike kanalar (bilateral stat-til-stat, sivile samfunn, FN, Bank, globale fond)
- Synergieffekt av støtte til fleire sektorar
- Korleis få til meir omfattande evaluering av vår multilaterale bistand

## EVALUATION REPORTS

- 4.93 Capacity-Building in Development Cooperation Towards Integration and Recipient Responsibility
- 1.94 Evaluation of World Food Programme
- 2.94 Evaluation of the Norwegian Junior Expert Programme with UN Organisations
- 1.95 Technical Cooperation in Transition
- 2.95 Evaluering av FN-sambandet i Norge
- 3.95 NGOs as a Channel in Development aid
- 3A.95 Rapport fra Presentasjonsmøte av «Evalueringen av de Frivillige Organisasjoner»
- 4.95 Rural Development and Local Government in Tanzania
- 5.95 Integration of Environmental Concerns into Norwegian Bilateral Development Assistance: Policies and Performance
- 1.96 NORAD's Support of the Remote Area Development Programme (RADP) in Botswana
- 2.96 Norwegian Development Aid Experiences. A Review of Evaluation Studies 1986–92
- 3.96 The Norwegian People's Aid Mine Clearance Project in Cambodia
- 4.96 Democratic Global Civil Governance Report of the 1995 Benchmark Survey of NGOs
- 5.96 Evaluation of the Yearbook "Human Rights in Developing Countries"
- 1.97 Evaluation of Norwegian Assistance to Prevent and Control HIV/AIDS
- 2.97 «Kultursjokk og Korrektiv» – Evaluering av UD/NORADs Studiereiser for Lærere
- 3.97 Evaluation of Decentralisation and Development
- 4.97 Evaluation of Norwegian Assistance to Peace, Reconciliation and Rehabilitation in Mozambique
- 5.97 Aid to Basic Education in Africa – Opportunities and Constraints
- 6.97 Norwegian Church Aid's Humanitarian and Peace-Making Work in Mali
- 7.97 Aid as a Tool for Promotion of Human Rights and Democracy: What can Norway do?
- 8.97 Evaluation of the Nordic Africa Institute, Uppsala
- 9.97 Evaluation of Norwegian Assistance to Worldview International Foundation
- 10.97 Review of Norwegian Assistance to IPS
- 11.97 Evaluation of Norwegian Humanitarian Assistance to the Sudan
- 12.97 Cooperation for Health Development  
WHO's Support to Programmes at Country Level
- 1.98 "Twinning for Development". Institutional Cooperation between Public Institutions in Norway and the South
- 2.98 Institutional Cooperation between Sokoine and Norwegian Agricultural Universities
- 3.98 Development through Institutions? Institutional Development Promoted by Norwegian Private Companies and Consulting Firms
- 4.98 Development through Institutions? Institutional Development Promoted by Norwegian Non-Governmental Organisations
- 5.98 Development through Institutions? Institutional Development in Norwegian Bilateral Assistance. Synthesis Report
- 6.98 Managing Good Fortune – Macroeconomic Management and the Role of Aid in Botswana
- 7.98 The World Bank and Poverty in Africa
- 8.98 Evaluation of the Norwegian Program for Indigenous Peoples
- 9.98 Evaluering av Informasjonsstøtten til RORGene
- 10.98 Strategy for Assistance to Children in Norwegian Development Cooperation
- 11.98 Norwegian Assistance to Countries in Conflict
- 12.98 Evaluation of the Development Cooperation between Norway and Nicaragua
- 13.98 UNICEF-komiteen i Norge
- 14.98 Relief Work in Complex Emergencies
- 1.99 WID/Gender Units and the Experience of Gender Mainstreaming in Multilateral Organisations
- 2.99 International Planned Parenthood Federation – Policy and Effectiveness at Country and Regional Levels
- 3.99 Evaluation of Norwegian Support to Psycho-Social Projects in Bosnia-Herzegovina and the Caucasus
- 4.99 Evaluation of the Tanzania-Norway Development Cooperation 1994–1997
- 5.99 Building African Consulting Capacity
- 6.99 Aid and Conditionality
- 7.99 Policies and Strategies for Poverty Reduction in Norwegian Development Aid
- 8.99 Aid Coordination and Aid Effectiveness
- 9.99 Evaluation of the United Nations Capital Development Fund (UNCDF)
- 10.99 Evaluation of AWEPA, The Association of European Parliamentarians for Africa, and AEI, The African European Institute
- 1.00 Review of Norwegian Health-related Development Cooperation 1988–1997
- 2.00 Norwegian Support to the Education Sector. Overview of Policies and Trends 1988–1998
- 3.00 The Project "Training for Peace in Southern Africa"
- 4.00 En kartlegging av erfaringer med norsk bistand gjennom frivillige organisasjoner 1987–1999
- 5.00 Evaluation of the NUFU programme
- 6.00 Making Government Smaller and More Efficient. The Botswana Case
- 7.00 Evaluation of the Norwegian Plan of Action for Nuclear Safety Priorities, Organisation, Implementation
- 8.00 Evaluation of the Norwegian Mixed Credits Programme
- 9.00 "Norwegians? Who needs Norwegians?" Explaining the Oslo Back Channel: Norway's Political Past in the Middle East
- 10.00 Taken for Granted? An Evaluation of Norway's Special Grant for the Environment
- 1.01 Evaluation of the Norwegian Human Rights Fund
- 2.01 Economic Impacts on the Least Developed Countries of the Elimination of Import Tariffs on their Products
- 3.01 Evaluation of the Public Support to the Norwegian NGOs Working in Nicaragua 1994–1999
- 3A.01 Evaluación del Apoyo Público a las ONGs Noruegas que Trabajan en Nicaragua 1994–1999
- 4.01 The International Monetary Fund and the World Bank Cooperation on Poverty Reduction
- 5.01 Evaluation of Development Co-operation between Bangladesh and Norway, 1995–2000
- 6.01 Can democratisation prevent conflicts? Lessons from sub-Saharan Africa
- 7.01 Reconciliation Among Young People in the Balkans  
An Evaluation of the Post Pessimist Network
- 1.02 Evaluation of the Norwegian Resource Bank for Democracy and Human Rights (NORDEM)
- 2.02 Evaluation of the International Humanitarian Assistance of the Norwegian Red Cross
- 3.02 Evaluation of ACOPAM  
An ILO program for "Cooperative and Organizational Support to Grassroots Initiatives" in Western Africa 1978 – 1999
- 3A.02 Évaluation du programme ACOPAM  
Un programme du BIT sur l'« Appui associatif et coopératif aux Initiatives de Développement à la Base » en Afrique de l'Ouest de 1978 à 1999
- 4.02 Legal Aid Against the Odds  
Evaluation of the Civil Rights Project (CRP) of the Norwegian Refugee Council in former Yugoslavia
- 1.03 Evaluation of the Norwegian Investment Fund for Developing Countries (Norfund)
- 2.03 Evaluation of the Norwegian Education Trust Fund for Africa in the World Bank
- 3.03 Evaluering av Bistandstorgets Evalueringsnettverk
- 1.04 Towards Strategic Framework for Peacebuilding: Getting Their Act Together.  
Overview Report of the Joint Utstein Study of the Peacebuilding.
- 2.04 Norwegian peacebuilding policies: Lessons Learnt and Challenges Ahead
- 3.04 Evaluation of CESAR's activities in the Middle East Funded by Norway
- 4.04 Evaluering av ordningen med støtte gjennom paraplyorganisasjoner. Eksempifisert ved støtte til Norsk Misjons Bistandsnemda og Atlas-alliansen
- 5.04 Study of the impact of the work of FORUT in Sri Lanka: Building Civil Society
- 6.04 Study of the impact of the work of Save the Children Norway in Ethiopia: Building Civil Society
- 1.05 Study: Study of the impact of the work of FORUT in Sri Lanka and Save the Children Norway in Ethiopia: Building Civil Society
- 1.05 Evaluation of the Norad Fellowship Programme
- 2.05 Women Can Do It – an evaluation of the WCDI-programme in the Western Balkans
- 3.05 Gender and Development – a review of evaluation report 1997–2004
- 4.05 Evaluation of the Framework Agreement between the Government of Norway and the United Nations Environment Programme (UNEP)
- 5.05 Evaluation of the "Strategy for Women and Gender Equality in Development Cooperation (1997–2005)"
- 1.06 Inter-Ministerial Cooperation. An Effective Model for Capacity Development?
- 2.06 Evaluation of Fredskorpset
- 1.06 Synthesis Report: Lessons from Evaluations of Women and Gender Equality in Development Cooperation
- 1.06 Synteserapport: Erfaringer fra evalueringer av kvinne- og likestillingsrettet bistand
- 1.07 Evaluation of the Norwegian Petroleum-Related Assistance
- 1.07 Synteserapport: Humanitær innsats ved naturkatastrofer: En syntese av evalueringsfunn
- 1.07 Synthesis Report: Humanitarian Response to Natural Disasters: A Synthesis of Evaluation Findings
- 1.07 Study: The Norwegian International Effort Against Female Genital Mutilation

**Norad**

Direktoratet for utviklingssamarbeid  
*Norwegian Agency for  
Development Cooperation*

Postadresse:

Pb. 8034 Dep, 0030 OSLO

Kontoradresse:

Ruseløkkveien 26, Oslo, Norge

Tlf.: 22 24 20 30

Fax: 22 24 20 31

postmottak@norad.no

www.norad.no

Opplag: 500

August 2007

ISBN 978-82-7548-218-9

